



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	N - 101.2	14/174

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/15	Formannskapet	PS	16.03.2015
017/15	Kommunestyret	PS	16.03.2015
014/15	Hovudutval teknisk/næring	PS	16.03.2015

UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET

Prenta vedlegg:

ATP Haugalandet_høringsforslag 150129

Offentleg høyring - Regional plan for areal- og transport på Haugalandet

MERKNAD TIL UTKAST TIL REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET

Planforslag etter høyring - Regional plan for attraktive senter 30.10.14

Saksopplysningar:

Rådmannen 12.03.2015

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova
- Kommuneplan for Sveio
- Forslag til regional plan for areal og transport på Haugalandet
- Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel, vedteken i Hordaland fylkesting 10.12.2014
- Regional transportplan Hordaland 2013-2024
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017
- Planprogram for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, vedteken 29.08.2013

Saksorientering:

Formannskapet i Sveio kommune kom med uttale til *Regional plan for areal og transport på Haugalandet* i desember 2014, før endeleg planforslag blei lagt ut til offentlig ettersyn. I hovudtrekk har kommunen den same haldninga til planen no, som på det tidspunktet.

Under ligg dei punkt som Formannskapet sendte 22.12.2014, som merknad til Rogaland fylkeskommune.

1. Sveio kommune kan ikkje stille seg bak planen slik den ligg føre. For at Sveio kommune skal stille seg bak planen må som eit minimum punkta nedafor imøtekomast.



2. Sveio kommune meiner at detaljgraden er for stor og det er for mange SKAL-formuleringar i retningslinene til planen. Enkelte retningsliner må gå ut eller erstattast av mindre styrande formuleringar.
3. Sveio kommune krev at Sveio sentrum skal visast som regiondelsenter på lik line med nabokommunane sine kommunesenter.
4. Sveio kommune krev at det takast omsyn til planforslaget for Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Krav til maks BRA (bruksareal) for handel må vera lik, og minimum 1500 kvadratmeter.
5. Sveio kommune krev at Ekrene skal visast i senterstrukturkartet som «tettstadsenter og grendesenter» (med grunngjeving at området allereie er opparbeida og under utbygging).

Det gjerast merksam at på det tidspunktet som Sveio formannskap vurderte planforslaget (des. 2014) var samferdsledelen til planen enno ikkje lagt fram for kommunane. Difor har ikkje spørsmål om samferdsle vore tema ved vurdering av planen tidlegare.

Økonomiske konsekvenser:

Dei økonomiske konsekvensane vert å vurdere i samband med neste kommuneplanprosess.

Vurdering i høve til ROS analyse:

Ikkje aktuelt.

Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:

Ikkje vurdert.

Mål og strategiar for planen:

På generelt grunnlag meiner Sveio kommune at det er gjort eit godt grunnlagsarbeid i planprosessen og at intensjonane i stor grad stemmer med dei føringar som ligg i valet om å gå inn for konsept 2 i den regionale planen for areal og transport på Haugalandet. Kommunen støtter dei 8 måla for utviklinga på Haugalandet med tilhøyrande strategiar.

Pkt. 1 – Støtte til planen?

Med bakgrunn i dei endringar som er gjennomførte i samband med at planforslaget blei lagt ut på høyring, er Sveio kommune forsett skeptisk til ein del forhold, som gjer det vanskeleg å fullt ut støtte planen slik den no ligg føre.

Pkt. 2 Detaljgraden:

Planen er i noko grad justert i forhold til detaljgraden, men vi ser at det fortsett i stor grad er mange SKAL-formuleringar eller retningsliner som vert oppfatta som krav eller SKAL-føringar og som er generaliserande for alle kommunar som inngår i planen.



Med ein plan som legg opp til så detaljerte retningsliner og som skal gjelde for ein så differensiert region, vil det i framtidige kommuneplanprosessar vera lite rom for stadlege vurderingar og tilpassa løysingar, så vel i som utanfor sentrums-/senterområde.

Sveio kommune meiner at ein bør gjera ein vurdering av kvar enkelte retningsline i planen og avklare om dei faktisk er naudsynte for å oppnå intensjonane. Dei retningsliner som har liten eller ingen betydning for å oppnå dei 8 måla i planen bør takast ut. I staden bør det i planen leggjast inn oppmoding til kommunane om at ein gjennom kommuneplanen skal sikre dei forholda ein ønskjer skal takast omsyn til. Kommunane vert på den måten gjort ansvarlege for å vise korleis dei skal oppnå måla for kvart kapittel i planen og korleis dei skal gjera det med dei føresetnader dei har. Det vert då kommuneplanane som skal vise korleis intensjonane i den regionale planen skal oppfyllest.

Eksempel på retningsliner som bør takast ut av planen er dei som ligg i kapittelet om landbruket. Der ligg klare og styrande føringar for LNF-føremålet og landbruksareal som i relativt liten grad har betydning for samordna areal- og transportplanlegging. I staden for retningsliner bør ein vurdere å leggja inn korte og konkrete forventingar til kommunane om korleis ein ønskjer at slike område skal vurderast i plansamanheng og ved enkelttiltak.

At retningslinene i stor grad er generelle for heile regionen, uansett føresetnader i kommunane, trur vi kan medføre utfordringar og skape vanskelegare planprosessar i kommunane i framtida. Dette gjeld òg der ein har gjort forsøk på å differensiere mellom ulike former for senterstruktur og andre område. Å generalisere at ein senterstruktur er lik andre senterstrukturer er uheldig då desse i dei fleste tilfelle vil ha heilt ulike føresetnader, trass i at dei er vurderte å høyre til i same gruppering i planen.

Pkt. 3 Status for kommunesenteret - regiondelsenter:

Etter at forslaget til regional plan no har vore revidert og justert og lagt ut til offentleg ettersyn for endeleg vurdering, ser vi at det er teke inn eit av dei punkta Sveio formannskap hadde til planen, om at Sveio sentrum skal vera eit regiondelsenter på lik line med dei andre kommunesentera i regionen. Dette meiner vi er positivt, og at det er naudsynt for å sikre at Sveio sentrum får dei same føresetnadene som andre kommunesenter til å vidareutvikle seg og styrke tilbodet til innbyggjarane slik at ein kan handtere framtidig sentrumsfortetting slik den regionale planen legg opp til.

Pkt. 4 Forholdet til Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

Det er i planen, liten grad, om nokon, teke stilling til dei føringar som allereie er vedtekne i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*, og Sveio kommune stiller spørsmål til korleis Hordaland fylkeskommune skal kunne følgje opp føringane for handel og senterstruktur i framtidige kommuneplanar for Sveio og Etne når det mellom anna er innskjerpingar for handelsetableringar i haugalandsplanen i forhold til hordalandsplanen. Skal dei to sørlege kommunane i fylket handsamast forskjellig frå dei andre nabokommunane i sunnhordlandsregionen og i så tilfelle på kva grunnlag meiner ein det er hensiktsmessig?

Sveio kommune meiner at det er viktig å halde på sjølvstyretten og at korrekt rettleiing frå overordna mynde er beste veg å gå for å nå beste samfunnsutvikling, framfor tvang, forbod eller krav. Sveio har på tidlegare tidspunkt kome med uttale til den regionale planen for attraktive senter i Hordaland der ein har vore positiv til at det er kommunane som skal stå for planlegging og arealforvaltninga i den eigne kommunen, og der ein skal bruke den regionale



planen som rådgjevande verktøy for å oppnå intensjonane bak ein overordna plan.

Hordalandsplanen tek allereie i stor grad føre seg mange av dei problemstillingar som kommunane står overfor når det gjeld handel og planlegging/lokalisering av bustader, arbeidsplassar, næringsverksemd, tenestefunksjonar og fritidstilbod. Sveio kommune ser på den regionale planen for attraktive senter som ein god rettleiar for framtidig planlegging og er lett å ta i bruk, og difor er det vanskeleg å sjå at ein detaljgrad som vist i Haugalandsplanen er naudsynt.

Mellom anna ligg skilnaden mellom planane i storleik på handelsetableringar og Sveio kommune meiner at det i planen for Haugalandet ikkje er gjort konkrete vurderingar og argumentert tilstrekkeleg for kvifor ein meiner at det er naudsynt å innskjerpe moglegheita til å etablere handel til maks 1 000 m². Dette er sett i perspektiv til det vedtak som er fatta i Hordaland fylkeskommune om å halde på dei statlege føringane for handelsetableringar.

Sveio kommune er av den oppfatning at *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* er basert på konkret og nøye vurdering med bakgrunn i at ein meiner at 3 000 m² er grensa for å sikre og styrke eksisterande by- og tettstadstentre og bidra til effektiv arealbruk og miljøvennlige transportval for å unngå at byane vert spreidd. Føresegna er klar; den legg opp til at kjøpesenter (over 3 000 m²) kan etablerast eller utvidast i samsvar med godkjente overordna planar (regional plan) og at det i område som ikkje har slike planar kan ein ikkje etablere handel med eit samla bruksareal på over 3 000 m². Sveio kommune tolkar føresegna slik at det i ein regional plan skal det takast konkret stilling til kor ein ev. kan etablere areal for handel over 3 000 m² utanfor by- og tettstadsentera, og at det elles er eit tak på storleik opp til 3 000 m² for handelsetableringar, med mindre anna er avtalt i overordna plan.

På lik line med at ein gjennom regional plan kan avklare etableringar over 3 000 m² bør ein i same plan ta stilling til konkrete område der ein bør ha mindre areal (eks. maks 1 000 m²). Sveio kommune meiner at det ikkje er hensikta med føresegna at ein gjennom regional plan skal leggja ned eit generelt forbod mot handel over 1 000 m² utanfor senterstrukturen. Vurdering om innskjerping bør vera like konkret og områdeavgrensa som for areal over 3 000 m². Skal ein ha ein innskjerping i forhold til det føresegna ligg opp til må ein såleis gjera konkrete vurderingar for kvart område innskjerpinga skal gjelda for. Det er i planen i liten grad gjort greie for kvifor ein har sett grensa ved 1 000 m² for heile regionen og det går ikkje fram av planen kva hensikt ei slik retningsline vil ha for å oppnå intensjonane i planen.

Pkt. 5 Strategi for senterstruktur - Ekrene:

Med utgangspunkt i at den regionale planen i hovudsak legg størst vekt på senterutvikling og samordning av areal og transport for dei bynære områda bør ein stille spørsmål om planen burde delast inn i to ulike delar der ein legg fokus på det definerte bynære området som i så stor grad er tema igjennom heile planen. På den måten kan ein leggja inn meir konkrete og tiltaksretta krav og føringar for framtidig arealplanlegging der det i realiteten har størst utbytte av å påverke utviklinga og der ein kan venta å få mest resultat. Denne vurdering er basert på mellom anna den store grad av detaljstyring som ligg i retningslinene, som i like stor grad som å oppnå måla med planane, kan få særskilt liten eller feilstyrt verknad for framtidige tiltak ute i distriktskommunane. Vidare grunngjev vi forslag til avgrensing av planområdet med manglande fokus på samferdsle i planen for dei områda som ligg utanfor den bynære kjernen. Det område som er vist som bynære område i planen bør i tillegg avgrensast slik at den nordre grensa vert liggjande rett nord for Fagerheim (og ikkje heilt opp til Sveio sentrum). Dette for å unngå framtidig utbygging enno lenger bort frå Haugesund sentrum, i



området mellom Fagerheim og Ekrene og mellom Ekrene og Sveio sentrum.

Det går fram av planforslaget at Ekrene ikkje et teke med som tettstadsenter/grendesenter. Det er ikkje er teke omsyn til at kommunen har vist til at det er ein pågåande prosess med utbygging av eksisterande godkjente reguleringsplanar på Ekrene bustad- og næringsområde og kommunen tolkar det som at området ikkje vil ha same føresetnader som andre mindre utviklingsområde i regionen som er definerte som tettstadsenter/grendesenter i planen. Rogaland fylkeskommune argumenterer for at området ikkje bør opne for meir utbygging, då dette vil kunne svekke Haugesund og Sveio sentrum. Sveio stiller spørsmål til korleis ein så avgrensa utbygging som vil kunne skje på Ekrene kan vera med på å svekke Haugesund sentrum når det samtidig er lagt ut 8 tettstadsenter/grendesenter eller knutepunkter direkte rundt Haugesund sentrum og der utbygging av Fagerheim, om lag 5 km frå Haugesund sentrum med mellom anna 750 bustader, ungdomsskule og 3 000 m² butikkareal er under planlegging. Område som er teke inn i kommuneplanen som byggeområde for Ekrene Vest vil til samanlikning medføre ein betydeleg mindre utbygging enn det som er planlagt på Fagerheim i Haugesund og Kolnes/Skre i Karmøy. Kommunen estimerar ein vidare utbygging i tillegg til det om allereie er under oppføring i samsvar med godkjent reguleringsplan, til å omfatte om lag 150-200 nye bueiningar, noko som vil kunne gje grunnlag for nærhandel og nærservice.

Ekrene er å vurdere som knutepunkt på lik line som dei områda som ligg rundt Haugesund sentrum. Området knyter store delar av innbyggjarane i sørre del av Sveio via Fv 541 til tilførselsvegen Fv 47 som gjev tilkomst til så vel Haugesund som Sveio sentrum.

Sveio kommune meiner at det, i tillegg til å gje Ekrene status som tettstadsenter/grendesenter, er grunnlag for å ta med området Ekrene Vest som byggeområde for bustader. Grunngeving for det er at ein då vil kunne kople eksisterande utbygd bustadfelt på Rophus saman med bustadområdet Ekrene Aust som no er under full utbygging. Å slå saman dei to avgrensa byggeområda gjennom utbygging av Ekrene Vest, midt imellom, vil kunne vere med på å skape eit grunnlag for nærbutikk og nærservice som området sårt trenger i dag. Slik situasjonen er i dag må dei som bur i dei to byggeområda og dei som har området som knutepunkt anten køyre til Haugesund (om lag 7 km til nærmaste butikk) eller til Sveio sentrum (over 7 km) for daglege innkjøp. Grunnlaget er såleis ikkje stort nok i dag til slik nærhandel. Sveio kommune meiner at ei vidare avgrensa utbygging av bustader på Ekrene, slik kommuneplanen legg opp til, vil vera med på å styrke grunnlaget for satsing på lokal nærhandel og -service, samtidig som det òg vil styrke grunnlaget for satsing på ulike fritidsaktivitetar, friluftsliv, etablering av foreiningar m.v. som i sin tur vil bidra til minska biltrafikk og auka bruk av gange og sykkel.

Samferdsle:

Det er gode generelle føringar for transportutviklinga i regionen. Likevel ser kommunen at det er nokre manglar i den del som omhandlar samferdsle. Kommunen meiner at dei kart som ligg ved dette kapittel er mangelfulle med utgangspunkt i at dei ikkje viser andre viktige samferdsleårer enn kollektivtrafikk i bykjernen rundt Haugesund – Karmøy – Tysvær og at berre riksvegane og ein tilførselsveg til Haugesund er vist som viktig.

Sveio kommune føresett at ein regional plan for areal og transport vil vera grunnlag for framtidig vurdering av satsing på samferdsle og anna infrastruktur i regionen. Med den vurderinga som bakgrunn meiner vi difor at det er uheldig å ikkje vise andre viktige tilførslevegane enn riksvegane i samferdsledelen og at dette kan få negativ verknad for vurdering av finansiering av framtidige tiltak på vegnettet i regionen.



Kommunen viser til føreslegne inndeling av regionen (jf. kap. 4.5.1 på s. 53), som skal vera grunnlag for differensiering av transportstrategiane og meiner at slik inndeling vil kunne medføre skeiv fordeling av midlar til samferdsletiltak i regionen (jf. kap. 4.5.6) dersom ein skal leggja karta i samferdsledelen til grunn for framtidige investeringar. Ein legg i samband med inndelinga av regionen fram eit kart for transportstrategiar der fokus er lagt på dei bynære hovudaksane (Åkrahamn-Kopervik-Avaldsnes-Haugesund-Aksdal). Alle andre transportaksar, inkl. E39/E134 og Fv 47, ferjesambandet til Bømlo og T-forbindelsen/trekantsambandet er vist som «Regionen forøvrig». Sveio stiller seg uforståande til at dette skal vere samferdslestrategien for Haugalandet når det no arbeidast for å få til Rogfast/Hordfast som skal knytte regionen til Stavanger og Bergen og ein aust-vestleg hovudtrasé til Oslo. At mellom anna ikkje dei viktige europavegane og fylkesvegane er viste i eit slikt kart for transportstrategiar i regionen meiner Sveio er uheldig.

Dette skal vere ein plan for transport i heile regionen og kap. 4.5.6 (s. 61) viser at vedtak av planen vil vera med å danne eit finansieringsgrunnlag for framtidige prosjekt i regionen. Vi vurderer det er såleis å vere lite taktisk i ein regional eller nasjonal samanheng å leggja fram ein så avgrensa regional transportstrategi, med så avgrensa ambisjonar, som den som er vist i planen. Korleis skal ein få til ein dialog med staten (NTP) om at det bør satsast på meir vegprosjekt i Haugalandsregionen dersom ein ikkje har større ambisjonar enn det som vist i planen? Strategiane for samferdsle i ein ATP bør vere betydeleg meir omfattande og ta føre seg alle dei viktige samferdsleårene som går i heile regionen (jf. Regional transportplan Hordaland (2013-2024)).

I kap. 4.5.4 visast differensieringa av vegnettet og det vert lagt vekt på at E 134 vest for Aksdal har ein hovudfunksjon som «sentral tilbringervei» til byregionen på Haugalandet. Det visast vidare til at ein slik forståing av funksjonen til E 134 mogleggjer ei oppfølging av den regionale planen med omsyn til behovet for utvikling av transportsystemet. Slik snever tolking av kva som er sentrale tilførslevegane i regionen vil i realiteten innebære at alle andre viktige tilførslevegane ikkje vil ha same status i framtida og det vil mest sannsynleg ikkje leggjast like stort fokus på utbetring, drift og vedlikehald av desse. Andre viktige tilførslevegane som kan nemnast er T-forbindelsen, ferjesambandet mellom Sveio og Bømlo og Fv 47 frå E 39 til Haugesund. Ein kan i den samanheng vise til at om lag halvparten av trafikken som kjem frå E39 nord i Sveio fortsett langs med Fv 47 når den kjem til Haukåskrysset. Pågåande planarbeid for ny vegtrasé mellom Fagerheim og Ekrene viser at det er fokus på utbetring av denne viktige tilførslevegane. Vidare utbetring av strekninga frå Haugesund til Haukåskrysset er viktig for å sikre god trafikkavvikling mot E39 i framtida.

Ein regional plan for Haugalandet som skal dekke samferdsle, vil med stor sannsyn få konsekvensar for korleis Hordaland fylkeskommune, som er eigar av det regionale vegnettet i Sveio kommune, skal gjere vurderingar når ein skal bruke midlar til framtidige vegprosjekt. At andre viktige regionale tilførslevegane (tilbringerveier) enn den som går frå Haugesund sentrum til flyplassen på Helganes ikkje visast i planen kan gje signaler om at det i den regionale planen for Haugalandet er gjort konkrete vurderingar om at dei andre tilførslevegane i regionen ikkje skal leggjast lika stor vekt på. Sveio kommune stiller spørsmål til om det er ein risiko ved å berre løfte fram ein tilførsleveg i heile regionen og at det i realiteten medfører at det ikkje vert sett av tilstrekkeleg med midlar i framtidige handlingsplanar til å sikre at dei andre viktige vegane i regionen vert oppgraderte og utbetra som naudsynt.



I samband med manglande føringar for samferdsle i ein regional plan som skal ta føre seg transportspørsmål ønskjer Sveio å vise til Regional transportplan

Hordaland 2013-2024. I denne planen vert det gjort grundig greie for alle former for samferdsle i regionen og for Sveio sin del er den meir skildrande i ein regional samanheng. Sveio kan ikkje sjå at det ligg tilstrekkeleg tyngde bak samferdsledelen i den regionale planen for Haugalandet, der utgangspunktet er *samordna areal- og transportplan*. Det er òg i liten grad sett ein samanheng mellom framtidige utbyggingsområde for bustader og næringsutvikling opp mot satsinga på samferdsle, med unntak for parkeringsrestriksjonar, satsing på gange/sykling og kollektivtrafikk. Ein plan som tek føre seg samferdsle men ikkje legg opp til særleg omtale av bilvegnettet er lite hensiktsmessig.

Vurdering:

Det står klart at den regionale planen legg fokus på å sikre god by- og tettstadsutvikling med gode kommunikasjonar der ein legg opp til auka fortetting og betre styring av arealforvaltninga for å styrke definerte sentrumsområde, bidra til mindre biltrafikk, auke bruken av gange, sykkel og kollektivtrafikk. Det er i seg sjølv korrekt tilnærming i forhold til måla i planen, då det er i desse område som ein kan oppnå størst verknad av ein samordna plan. Sveio kommune meiner at planen i stor grad har mange gode poeng og kommunen er innstilt på å vere med å bidra til eit fellesskap i regionen og få felles forståing av korleis areala skal forvaltast i framtida.

Det er på den andre sida ikkje lagt vekt på andre arealforvaltningstema som hytteutbygging og strandsoneproblematikk som er ein stor del av distriktskommunane sine oppgåver å planleggja for. Det er ikkje heller lagt vekt på problematikk som risiko for avfolking på landsbygda, nedlagde landbruk eller svak vekst i næringsetableringar. Det drøftast ikkje noko om korleis ein skal halde på handelsetableringar eller korleis ein skal lokke til seg handel og næringssservice til kommunesentera som ikkje er sterke nok til å dekke innbyggjarane sine behov.

Kommunen stiller spørsmål til om eit planforslag med så klar styring i realiteten vil oppfylle intensjonane i planen fullt ut og på beste måte. Mellom anna omfattar spørsmålet den høge detaljgraden og i kor stor grad den regionale planen skal/bør leggja så sterke føringar som i mange tilfelle går inn i det som er tillagt kommunane ansvar å avklare gjennom kommuneplanprosessen.

Sveio kommune er oppteken av at vi skal vera med å bidra til eit fellesskap i regionen og ha ein felles forståing av korleis areala skal forvaltast i framtida. Samtidig er Sveio kommune oppteken av at det vert tilrettelagt for at kommunane skal ansvarleggjerast i planlegginga. Ein generalisering i føringane for ein regional plan vil gjere planlegging og handsaming vanskelegare for kommunar som ikkje har like utfordringar, då moglegheita til å gjera lokale vurderingar og tilpassingar vert innskrenka. Det lokale sjølvstyret vert utfordra og tilpassing basert på lokal kunnskap vert sett til side.

Vi meiner at ein regional plan skal ha som mål å bidra til å oppnå intensjonane i eit regionalt perspektiv gjennom rettleiing, informasjon og kartlegging som gjev kommunane tilstrekkeleg kunnskap til å sjølv ta avgjerd om korleis planlegginga skal skje i framtida. Lokal kunnskap vil bidra til lokal differensiering som i sin tur vil gje dei beste føresetnadene til å kunne oppnå måla i den regionale planen. Gjennom slik tilnærming i ein regional plan vil det stillast meir krav til kommunane og dei vert sjølv gjort ansvarlege for framtidige planarbeid. Ved at regionale mynde stiller auka krav til grunngjeve løysingar i kommuneplanarbeidet kan ein gjennom ein regional plan ansvarleggjere kommunane og samtidig oppnå intensjonane i



planen. Ein regional plan bør såleis vise kva dei nasjonale og regionale føringane for samfunnsutviklinga i regionen er, og så stille krav til kommunane om å leggja inn hensiktsmessige føresegner og retningslinjer i sine kommuneplanar og reguleringsplanar slik at ein oppnår intensjonane. Det er ikkje naudsynt å i så stor grad detaljere kva innhald kommuneplanane skal ha, slik det er vist i planen for Haugalandet.

Kanskje Sveio er i ein særstilling i dette planarbeidet, basert på at ein høyrer til eit anna fylke, er så bynære men samtidig har alle dei føresetnadene og utfordringane som andre distriktskommunar har.

Konklusjon:

Sveio kommune rår til at Hordaland fylkeskommune vurderer den regionale planen for areal og transport på Haugalandet basert på argumentasjonen over. Vi ønskjer samtidig drøfte planforslaget med Hordaland fylkeskommune før endeleg vedtak.

Det må takast stilling til kva rolle den regionale planen for senterstruktur i Hordaland og Regional transportplan for Hordaland 2013-2024 skal ha for kommunen i framtida og om det er ønskeleg at to kommunar i Hordaland vert ståande utanfor dei planar som fylkeskommunen allereie har vedteke. Det må ikkje heller bidra til vesentleg ulik handsaming i Hordaland fylkeskommune mellom Sveio kommune og dei andre sunnhordlandskommunane.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Sveio kommune held fortsett fast ved tidlegare uttale om at planen er for detaljert. Planen bør endrast frå å vera sterkt styrande til å verta meir rettleiande med tilrådingar. Dette vil gjera kommunane meir ansvarlege for å oppfylle intensjonane i planen gjennom sine eigne kommuneplanprosessar.

- Sveio kommune er skeptisk til verknadene av detaljgraden i planen og meiner at føringane går langt utanfor det ein regional plan bør leggja opp til i forhold til kommunalt ansvarsområde for arealforvaltning og sjølvstyre.
- Sveio kommune står vidare fast ved at Ekrene bør visast som tettstadssenter/grendesenter i planen for å sikre at området får ei avgrensa, men hensiktsmessig utvikling.
- Sveio kommune meiner at ein generell innskjerping av maks areal for handelsetableringar er i strid med intensjonane i *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* og at slik innskjerping heller bør gjerast etter konkret vurdering av kvart enkelttilfelle. Generell avgrensing av handelsetableringar utanfor senterstruktur opp til 1 000 m² er vurdert å medføre for lite handlingsrom for å sikre forsvarleg utbygging av nærhandel med tilhøyrande funksjonar. Skal ein ha slik grense må dette avgrensast til konkrete område i kommuneplanane, der det vil vera hensiktsmessig i forhold til å faktisk oppnå intensjonane i planen.



- Samferdsledelen er i stor grad mangelfull når det gjeld kartframstilling og det kan oppfattast ut ifrå karta at det allereie er teke stilling til prioritering av framtidige samferdsletiltak. Sveio kommune føreset at den regionale planen ikkje har til hensikt å vise slik prioritering og at det først skal skje i framtidige handlingsplanar. Det er difor viktig at det i samferdsledelen vert lagt meir vekt på å vise eit heilskapleg bilete med alle viktige vegstrekningar i regionen og ikkje berre nokre utvalte delar av vegnettet og dei bynære strekningane.
- Sveio kommune ber Hordaland fylkeskommune ta stilling til verknadene av planen slik den ligg i dag og vurdere korleis krava i planen skal følgjast opp når det gjeld ulik handsaming i forhold til andre kommunar i fylket. Vidare må det takast stilling til om planen vil vere i strid med dei føringar for samordna areal og transportplanlegging som ligg i Hordaland (jf. Regional plan for attraktive senter og Regional transportplan for Hordaland).
- Vidare ber Sveio kommune om at Hordaland fylkeskommune, før planen vert vedteken, får til eit møte med dei to hordalandskommunane, slik at desse kan få leggja fram meir konkrete synspunkt på den regionale planen.

Hovudutval teknisk/næring - 014/15

HTN - behandling:

Samrøystes som tilrådd av rådmannen

HTN – tilråding til formannskapet:

- Sveio kommune held fortsett fast ved tidlegare uttale om at planen er for detaljert. Planen bør endrast frå å vera sterkt styrande til å verta meir rettleiande med tilrådingar. Dette vil gjera kommunane meir ansvarlege for å oppfylle intensjonane i planen gjennom sine egne kommuneplanprosessar.
- Sveio kommune er skeptisk til verknadene av detaljgraden i planen og meiner at føringane går langt utanfor det ein regional plan bør leggja opp til i forhold til kommunalt ansvarsområde for arealforvaltning og sjølvstyre.
- Sveio kommune står vidare fast ved at Ekrene bør visast som tettstadssenter/grendesenter i planen for å sikre at området får ei avgrensa, men hensiktsmessig utvikling.
- Sveio kommune meiner at ein generell innskjerping av maks areal for handelsetableringar er i strid med intensjonane i *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* og at slik innskjerping heller bør gjerast etter konkret vurdering av kvart enkelttilfelle. Generell avgrensing av handelsetableringar utanfor senterstruktur opp til 1 000 m² er vurdert å medføre for lite handlingsrom for å sikre forsvarleg utbygging av



nærhandel med tilhøyrande funksjonar. Skal ein ha slik grense må dette avgrensast til konkrete område i kommuneplanane, der det vil vera hensiktsmessig i forhold til å faktisk oppnå intensjonane i planen.

- Samferdsledelen er i stor grad mangelfull når det gjeld kartframstilling og det kan oppfatast ut ifrå karta at det allereie er teke stilling til prioritering av framtidige samferdsletiltak. Sveio kommune føreset at den regionale planen ikkje har til hensikt å vise slik prioritering og at det først skal skje i framtidige handlingsplanar. Det er difor viktig at det i samferdsledelen vert lagt meir vekt på å vise eit heilskapleg bilete med alle viktige vegstrekningar i regionen og ikkje berre nokre utvalte delar av vegnettet og dei bynære strekningane.
- Sveio kommune ber Hordaland fylkeskommune ta stilling til verknadene av planen slik den ligg i dag og vurdere korleis krava i planen skal følgjast opp når det gjeld ulik handsaming i forhold til andre kommunar i fylket. Vidare må det takast stilling til om planen vil vere i strid med dei føringar for samordna areal og transportplanlegging som ligg i Hordaland (jf. Regional plan for attraktive senter og Regional transportplan for Hordaland).
- Vidare ber Sveio kommune om at Hordaland fylkeskommune, før planen vert vedteken, får til eit møte med dei to hordalandskommunane, slik at desse kan få leggja fram meir konkrete synspunkt på den regionale planen.

Formannskapet - 025/15

FOR - behandling:

Åse Aleheim orienterte og svarte på spørsmål.
Mange tok ordet i saka.

Framlegg frå Rune Teikari:

- Sveio kommune held fortsett fast ved tidlegare uttale.
- Planen er for detaljert.
- Planen bør endrast frå å vera sterkt styrande til å verta meir rettleiande med tilrådingar. Dette vil gjera kommunane meir ansvarlege for å oppfylle intensjonane i planen gjennom sine eigne kommuneplanprosessar.
- Sveio kommune er skeptisk til verknadene av detaljgraden i planen og meiner at føringane går langt utanfor det ein regional plan bør leggja opp til i forhold til kommunalt ansvarsområde for arealforvaltning og sjølvstyre.
- Sveio kommune står vidare fast ved at Ekrene bør visast som tettstadssenter/grendesenter i planen for å sikre at området får ei avgrensa, men hensiktsmessig utvikling.
- Sveio kommune meiner at ein generell innskjerping av maks areal for



handelsetableringar er i strid med intensjonane i Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre og at slik innskjerping heller bør gjerast etter konkret vurdering av kvart enkelttilfelle. Generell avgrensing av handelsetableringar utanfor senterstruktur opp til 1 000 m² er vurdert å medføre for lite handlingsrom for å sikre forsvarleg utbygging av nærhandel med tilhøyrande funksjonar. Skal ein ha slik grense må dette avgrensast til konkrete område i kommuneplanane, der det vil vera hensiktsmessig i forhold til å faktisk oppnå intensjonane i planen.

- Samferdsledelen er i stor grad mangelfull når det gjeld kartframstilling og det kan oppfattast ut ifrå karta at det allereie er teke stilling til prioritering av framtidige samferdsletiltak. Sveio kommune føreset at den regionale planen ikkje har til hensikt å vise slik prioritering og at det først skal skje i framtidige handlingsplanar. Det er difor viktig at det i samferdsledelen vert lagt meir vekt på å vise eit heilskapleg bilete med alle viktige vegstrekningar i regionen og ikkje berre nokre utvalte delar av vegnettet og dei bynære strekningane.
- Sveio kommune ber Hordaland fylkeskommune ta stilling til verknadane av planen slik den ligg i dag og vurdere korleis krava i planen skal følgjast opp når det gjeld ulik handsaming i forhold til andre kommunar i fylket. Vidare må det takast stilling til om planen vil vere i strid med dei føringar for samordna areal og transportplanlegging som ligg i Hordaland (jf. Regional plan for attraktive senter og Regional transportplan for Hordaland).

VOTERING:

Framlegget frå Rune Teikari vart samrøystes tilrådd.

FOR - vedtak:

- Sveio kommune held fortsett fast ved tidlegare uttale.

Planen er for detaljert.

- Planen bør endrast frå å vera sterkt styrande til å verta meir rettleiande med tilrådingar. Dette vil gjera kommunane meir ansvarlege for å oppfylle intensjonane i planen gjennom sine egne kommuneplanprosessar.
- Sveio kommune er skeptisk til verknadene av detaljgraden i planen og meiner at føringane går langt utanfor det ein regional plan bør leggja opp til i forhold til kommunalt ansvarsområde for arealforvaltning og sjølvstyre.
- Sveio kommune står vidare fast ved at Ekrene bør visast som tettstadssenter/grendesenter i planen for å sikre at området får ei avgrensa, men hensiktsmessig utvikling.
- Sveio kommune meiner at ein generell innskjerping av maks areal for handelsetableringar er i strid med intensjonane i Forskrift om rikspolitisk bestemmelse



for kjøpesentre og at slik innskjerping heller bør gjerast etter konkret vurdering av kvart enkelttilfelle. Generell avgrensing av handelsetableringar utanfor senterstruktur opp til 1 000 m² er vurdert å medføre for lite handlingsrom for å sikre forsvarleg utbygging av nærhandel med tilhøyrande funksjonar. Skål ein ha slik grense må dette avgrensast til konkrete område i kommuneplanane, der det vil vera hensiktsmessig i forhold til å faktisk oppnå intensjonane i planen.

- Samferdsledelen er i stor grad mangelfull når det gjeld kartframstilling og det kan oppfattast ut ifrå karta at det allereie er teke stilling til prioritering av framtidige samferdsletiltak. Sveio kommune føresett at den regionale planen ikkje har til hensikt å vise slik prioritering og at det først skal skje i framtidige handslingsplanar. Det er difor viktig at det i samferdsledelen vert lagt meir vekt på å vise eit heilskapleg bilete med alle viktige vegstrekningar i regionen og ikkje berre nokre utvalte delar av vegnettet og dei bynære strekningane.
- Sveio kommune ber Hordaland fylkeskommune ta stilling til verknadane av planen slik den ligg i dag og vurdere korleis krava i planen skal følgjast opp når det gjeld ulik handsaming i forhold til andre kommunar i fylket. Vidare må det takast stilling til om planen vil vere i strid med dei føringar for samordna areal og transportplanlegging som ligg i Hordaland (jf. Regional plan for attraktive senter og Regional transportplan for Hordaland).

Kommunestyret - 017/15

KOM - behandling:

Kommunestyret godkjenner samrøystes vedtak gjort i formannskapet.

KOM - vedtak:

- Sveio kommune held fortsett fast ved tidlegare uttale.
- Planen er for detaljert.
- Planen bør endrast frå å vera sterkt styrande til å verta meir rettleiande med tilrådingar. Dette vil gjera kommunane meir ansvarlege for å oppfylle intensjonane i planen gjennom sine egne kommuneplanprosessar.
- Sveio kommune er skeptisk til verknadene av detaljgraden i planen og meiner at føringane går langt utanfor det ein regional plan bør leggja opp til i forhold til kommunalt ansvarsområde for arealforvaltning og sjølvstyre.



- Sveio kommune står vidare fast ved at Ekrene bør visast som tettstadssenter/grendesenter i planen for å sikre at området får ei avgrensa, men hensiktsmessig utvikling.
- Sveio kommune står vidare fast ved at Ekrene bør visast som tettstadssenter/grendesenter i planen for å sikre at området får ei avgrensa, men hensiktsmessig utvikling.
- Sveio kommune meiner at ein generell innskjerping av maks areal for handelsetableringar er i strid med intensjonane i *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* og at slik innskjerping heller bør gjerast etter konkret vurdering av kvart enkelttilfelle. Generell avgrensing av handelsetableringar utanfor senterstruktur opp til 1 000 m² er vurdert å medføre for lite handlingsrom for å sikre forsvarleg utbygging av nærhandel med tilhøyrande funksjonar. Skal ein ha slik grense må dette avgrensast til konkrete område i kommuneplanane, der det vil vera hensiktsmessig i forhold til å faktisk oppnå intensjonane i planen.
- Samferdsledelen er i stor grad mangelfull når det gjeld kartframstilling og det kan oppfattast ut ifrå karta at det allereie er teke stilling til prioritering av framtidige samferdsletiltak. Sveio kommune føresett at den regionale planen ikkje har til hensikt å vise slik prioritering og at det først skal skje i framtidige handlingsplanar. Det er difor viktig at det i samferdsledelen vert lagt meir vekt på å vise eit heilskapleg bilete med alle viktige vegstrekningar i regionen og ikkje berre nokre utvalte delar av vegenettet og dei bynære strekningane.
- Sveio kommune ber Hordaland fylkeskommune ta stilling til verknadene av planen slik den ligg i dag og vurdere korleis krava i planen skal følgjast opp når det gjeld ulik handsaming i forhold til andre kommunar i fylket. Vidare må det takast stilling til om planen vil vere i strid med dei føringar for samordna areal og transportplanlegging som ligg i Hordaland (jf. Regional plan for attraktive senter og Regional transportplan for Hordaland).
- Vidare ber Sveio kommune om at Hordaland fylkeskommune, før planen vert vedteken, får til eit møte med dei to hordalandskommunane, slik at desse kan få leggja fram meir konkrete synspunkt på den regionale planen.